

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) I VALLE KOMMUNE.

1. FØREMÅL

- SFO er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod før og etter skuletid
- SFO skal drivast i samsvar med grunnskulelova, føresegner og kommunale retningsliner og planar.
- SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som høver til alder, funksjonsnivå og interesser hjå borna.

2. ADMINISTRASJON – BEMANNING

- Kommunen eig og driv SFO
- Fylkesmannen fører tilsyn med SFO
- Det vert gjeve tilbod om SFO ved Valle og Hylestad skular eller ved barnehagane.
- Rektor er til vanleg fagleg og administrativ leiar. Dersom SFO ligg til barnehagen er barnehagestyrar fagleg og administrativ leiar.
- Dersom det er påmeld 10 born eller meir til same tid, skal det tilsetjast assistent. For kvar 10 nye som er påmeld til same tid, vert det supplert med 1 assistent
- Foreldre som har born i SFO vel sin representant med vararepresentant til FAU ved skulen eller barnehagen.

3. DRIFT

- Nytt SFO-år tek til samstundes som skulestart
- Opningstida er frå kl. 7.00 – 16.00 minus skuletida for 1. – 4.klasse.
- SFO har tilbod til elevar på 1.-4.trinn i Valle og i Hylestad. Tilbodet er lagt til skulen eller barnehagen sine lokal.
- SFO har tilbod når elevane ikkje går på skulen 5 dagar i veka med desse unntaka:
 - a) Stengd 3 veker i fellesferien frå og med 2.måndag i juli.
 - b) Stengd 5 tariffesta plandagar i året
 - c) Samdrift med barnehagane mellom jol og nyttår.

- d) Samdrift med barnehagane – måndag til onsdag før skjærtorsdag
- e) Det er eit samarbeid mellom barnehage og SFO i skulen sin haust- og vinterferie samt i skulen sin sommarferie.

- Alle born skal ha minst 4 veker ferie i året, av desse skal 3 av vere samanhengande.

4. OPPTAK – OPPSEIING.

- Søknad om opptak skal vere skriftleg på fastsett skjema.
- Det kan søkjast for born i 1.-4. trinn og for born med særskilde behov opp til 7.trinn.
- Hovudopptak er i mars/april etter kunngjering i lokalpressa og ved oppslag.
- Opptaket gjeld for eitt år.
- Born kan få utvida plass, og nye plassar kan tildelast utanom hovudopptaket dersom det er ledig kapasitet. Leiar oppvekst er saman med rektor/styrrar ansvarleg for opptaket
- Vedtak i samband med opptak kan klagast inn til formannskapet innafor lovbestemt klagefrist.
- Plass i SFO seiast opp med ein månad oppseiingstid rekna frå den 1. i påfylgjande månad.
- Alle oppseiingar og søknadar om endring må vere skriftlege og sendast rektor/styrrar

5. BETALING.

- Betalingssatsane for opphald og mat vert fastsette av kommunestyret kvart år. Eventuell endring vert gjort gjeldande frå starten av kommande SFO-år. (Sjå søknadsskjema.)
- Det vert gjeve 40 % syskenmoderasjon. Gjeld bare i den tida den eldste betaler full pris. Gjeld ikkje matpengar.
- Det er fire takstar:
 - A. ½ plass inntil 12 t/v Følger skuleruta
 - B. ½ plass inntil 12 t/v m/tillegg 9 t x 5 d/v i ”skulefri”

C. Full plass over 12 t/v Følger skuleruta
D: Full plass over 12 t/v m/tillegg 9 t x 5 d/v i ”skulefri”

- a. Det vert rekna halve timar (avrunding oppover).
 - b. Ein kan velje kombinasjon av ulike dagdelar til ulike vekedagar:
 - c. Morgon (frå kl. 7.00 til 10 min. før skulestart)
 - d. Mellomøkt (mellom skuleslutt småskule og siste skulebuss)
 - e. Ettermiddag (frå leksehjelp/skuleslutt til kl.16.00)
 - f. Følgje skuleferiar
 - g. Det kan også søkjast om turnusordning
- Opphald utanom det som er tinga fast, betalast med fast timepris som står på søknadsskjema, vedteke av kommunestyret. I slike høve vert det ikkje kravt inn matpengar. Det vert heller ikkje gjeve syskenmoderasjon.
 - Ved samanhengande sjukefråvere i 14 dagar eller meir, vert det etter søknad med lækjarattest gjeve betalingsfritak.
 - Det vert ikkje gjeve betalingsfritak i samband med feriereiser.
 - Krav om foreldrebetaling og/eller matpengar som ikkje vert betalt etter purring, er grunnlag for utestenging frå plassen fram til oppgjeret er i orden.
 - Formannskapet kan etter søknad i særskilde høve tildele friplass.

6. AREAL.

- Netto innandørs leike- og opphaldsareal fylgjer standard.
- SFO har felles uteområde med skulane eller barnehagane.

7. ANSVAR.

- Kommunen har ansvaret for borna i den tida dei er på SFO..
- Foreldra har ansvar for transport av borna til og frå SFO.
- Foreldra har ansvar for eigedelar som borna har med.

8. TEIEPLIKT.

- Dei tilsette, samt vikarar, i SFO, og alle som handsamar saker etter grunnskulelova har teieplikt.

